

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 2. februar 2018

Tidspunkt: kl 0900 – 1110

Som medlemmer møtte: George Fulford, Edel K. Goksøyr, Margaret Leinebø, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Håkon Vestnes og Truls Håbakk

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal (og Jostein Husøy under orienteringssakene)

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S01/18 – S07/18

Vedtakssaker:

SAK NR S01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S02/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 14. DESEMBER 2017

Vedtak, samr.:

Protokollen frå telefonstyremøtet 14. desember 2017 vart godkjend og signert.

SAK NR S03/18 AVFALLSHIERARKIET, NEDSTRAUMSLØYSINGAR OG NY PRESSE

Vedtak, samr.:

1. Styret vedtar at selskapet foreløpig utset å kjøpe eller lease ei ny presse til i eigenregi å presse råvarer i staden for å gjere dette hos andre. Styret vil likevel at administrasjonen skal ha saka i mente til seinare, og ta den opp att dersom det dukkar opp nye og vesentlege sider ved saka – eller at nye incitament eller reglar gjer saka aktuell igjen.
2. Styret gir administrasjonen fullmakt til å finne nedstrømsløyser for grein- og hageavfallet slik at det også kan nyttast som biobrensel.

3. Prosessen med å omdanne vanleg grein- og hageavfall til eit fullverdig produkt levert til eit biobrenselanlegg, skal rapporterast ut i frå gjeldande retningslinjer.

SAK NR S04/18
OFFENTLEGLOVA – TEORI OG PRAKSIS

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande. SSR er underlagt offentleglova på vanleg måte.

SAK NR S05/18
STYREPLAN 2018

Vedtak, samr.:

Styret vedtar dei oppsette styremøtedatoane for resten av 2018, med følgande endringar:

- Møtet 22. mars 2018 blir flytta til 21. mars 2018.
- Det blir sett opp eit styremøte 13. april 2018.
- Møtet 6. september 2018 blir flytta til 13. september 2018.

SAK NR S06/18
STYREEVALUERING

Vedtak, samr.:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

Orienterings-/drøftingssaker:

SAK NR S07/18
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg orienterte om følgande:

- Lønnstala pr. januar 2018
- Kundeundersøkinga 2017
- Status biogass
- Status lærlingar i SSR
- Hybridpensjon
- Matrise / innføringsplan for ny fraksjon (v/Jostein Husøy)
- Status gebyrkakediagrammet (v/Jostein Husøy)

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

George Fulford
styreleiar

Edel K. Goksøyr

Margaret Leinebø

Anne Holstad

Ole Andreas Sæther

Einar Heimdal
dagleg leiar

Styret sin møteplan for 2018 blir følgande etter vedtaket i sak S05/18:

Dato / tidspunkt:	Noko spesielt?	Evnt.:
Fredag 2. februar 2018	Vanleg styremøte	Gjennomført
Onsdag 21. mars 2018	Rekneskapet for 2017, etc.	Hos SSR
Fredag 13. april 2018	Sakliste til repr.skapsmøtet i mai og rekneskapet pr. 28. februar 2018	Hos SSR eller evt. telefonstyremøte
Fredag 25. mai 2018	Møte i repr.skapet og muleg styremøte etterpå	Biogass? Evtnt?
Torsdag 14. og fredag 15. juni 2018	Strategimøte og rekneskapet pr. 30/4-2018 Foreløpige tema: - Digitalisering i SSR (og Internet of things....) - Servicenivå - Oppfølging strategi - Diverse	Ut på tur..... Møte lunsj til lunsj + reisetid
Torsdag 13. september 2018	Rekneskapet pr. 30/6-2018 og første behandling av budsjett 2019	Hos SSR
Torsdag 18. oktober 2018	Budsjett 2019 og økonomiplan og rekneskapet pr. 31/8-2018	Hos SSR
Onsdag 7. november 2018	Møte i repr.skaper og muleg styremøte etterpå	Biogass? Evtnt.?
Fredag 14. desember 2018	Rekneskapet pr. 31/10-2018	Telefonstyremøte